

# HYRDINGEN



Nr. 2

Mars 2023

ÅRGANG 65

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

## Pyramidar i Sandeid

Sjå side 16



Prosten har ordet	s. 2	Ølen kyrkje 150 år i 2024	s. 7	Sprell levande Vats	s. 11
Vikar for soknepresten	s. 2	Takk til kantorane	s. 7	Ledige stillingar i kyrkja	s. 11
Redaksjonsspennen	s. 3	Konfirmantleir og leiarane	s. 8	IMS sommarfest	s. 12
Min song	s. 3	Ny bok – Bibelens planteverden	s. 9	Fellesforum på Kyrkjetunet	s. 12
Då lo eg	s. 3	Konfirmantane i vår	s. 9	Arken – Soknehus/bedehus i Vats	s. 13
Barnas aktivitetsside	s. 4	Val på nye sokneråd	s. 9	Gudstenestelista og Kyrkjeboka	s. 14
Trusopplæring i Vindafjord	s. 5	Midtgangsteppe i Vikebygd	s. 10	Møte og arrangement	s. 15
Soknepresten takka for seg	s. 6	Diakoni – Omsorg – Treng me det?	s. 10	Pyramidar i Sandeid	s. 16



## Prosten har ordet

Av Rune Steensnæs Engedal,  
prost i Haugaland prosti



### FAKE NEWS?

«Kva er sanning?» spør Pilatus. Han ser Jesus i augo, men veit ikkje kva han skal tru. Hans strategiske evner og logiske sans blir utfordra på eit nytt vis. Jesus har tidlegare omtala seg sjølv som «vegen, sanninga og livet». No snakkar han om sanning igjen. Spørsmålet Pilatus stiller, utfordrar oss i dag. Kva er sanninga om deg og meg? Finst det ei objektiv sanning?

Under den første verdskrigen kom uttrykket: «Det første offeret i ein krig er sanninga». Når vi følgjer tv-reportasjane frå krigen i Ukraina, ser vi at partane kjempar ein kamp om å få oppslutnad om kva som er sant. Då Donald Trump blei innsett som president i 2017, hevda han at det aldri i historia hadde vore så mange til stades på ei innsetjing. Bilete beviste at dette ikkje stemte. Begrepet «alternative fakta» blei innført som ei forklaring. Alternative fakta er den historia vi ønskjer hadde hendt. Slik det burde ha vore. Men det blir ikkje sant av den grunn. Og når vi nektar på at noko er sant, kan vi ty til uttrykket: «fake news».

Påskeevangeliet startar med Maria som kjem inn i hagen, medan det enno er mørkt. Ho ser at steinen er tatt bort. Ho er rysta. Når dei andre læresveinane kjem, går dei inn i grava og ser linkleda. Jesus er ikkje der.

Kva er sanninga om det som hender påskemorgon?  
Kva ville vi sett dersom det var montert eit overvakingskamera

framfor grava?  
Ville da sanninga om påskemysteriet vore løyst?  
Vi veit ikkje om det som skjer i oppstoda lar seg sjå. Og dersom det let seg sjå, ville vi måtte tolke, forklare og forstå kva vi såg.

Er påskeevangeliet ei rekke med alternative fakta? Er det ei historie om noko vi skulle ønskje var sant? Trua på oppstoda veks fram gjennom angst og håp. Den veks fram frå vanlege menneske sine møte med Jesus. Verda til Maria var kaotisk. Frå henne og læresveinane går det ei line fram til oss, til våre liv i dag. Når Maria står framfor Jesus i hagen, blir ho beden om ikkje å halde fast i han. Noko nytt kjem. Mørkeret må vike for morgonlyset. Det blir sagt at langfredag er Guds nei til det som bryt ned. Påskedag er Guds ja til livet.

Desmond Tutu blei 90 år gammal. Erkebiskopen frå Sør Afrika leia gudstenester heilt til det siste. Han var leiar for «Sannings- og forsøningskommisjonen» som i stor grad berga landet frå ei kollektiv bitterheit. Han stilte krav og peika på moglegheitene. På veggen vidare. Han var oppteken av å snakka sant om Gud, og å snakka sant om livet. Tutu sa dette om påskedag: «Livet sprang fram frå grava og forandra nederlaget til jublande triumf. Dødskreftene var overvunne. Vondskap og øydelegging, urett, undertrykking og hat hadde lidd eit totalt nederlag. Alt godt – kjærleik, latter og liv, glede og fred triumferte da Jesus stod opp frå dei døde.»



### Vikar for soknepresten i Ølen og Bjoa

Av Steinar Skartland

Magnhild Handeland Helberg har nå teke til i vikariat som sokneprest for Ølen og Bjoa. Ho har frå før stilling som prostiprest for Ryfylke og Sauda, og i tillegg

## Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

Dette året blir det skifte i mange medarbeidarar i Vindafjord-kyrkjene. I tillegg til sokneprestar og organistar, så skal det veljast nye sokneråd i alle kyrkje-sokna våre. Vi vonar at nokre av dei «gamle og erfarne» blir med vidare, men sjølvsagt at nye og kanskje også unge krefter svarar ja. Med nye medarbeidarar blir det ofte nye idear og ny giv, noko vi sjølvsagt må ta godt imot. Men i kyrkja er mange aktive også utanom dei tilsette og tillitsvalde. Frivillige medarbeidarar deltek i trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid, leiarar på leir, diakoni omsorg eller å ynskja nye innbyggjarar velkommen til bygda.

Så går vi inn i ei tid med mange fest- og høgtidsdagar. Påske står for døra. Den kristne markeringa av at Jesus fullbrakte frelsesgjerninga. Når han døydd på krossen var det på våre vegne. Han sigra over døden og stod opp første påskedag. Dette markerer kyrkja i over ei veke, og vi held fram med å markera Kristi Himmelfartsdag (at Jesus for opp til Himmelen) og Pinsen (då Gud sende den Heilage Anden til menneska). Kanskje ei god tid for å «kopla til» og lytta til bodskapen og tenkja gjennom om kva dette tyder for meg.

For mange ungdommar er våren ein festdag med konfirmasjon og feiring saman med familien. Og i mai markerer vi i Noreg nasjonaldagen med flagg og glade hurrarop. Kyrkjene er opne og alle sokna tilbyr folket å starta feiringa i Guds hus. Me takkar for fridomen vi i Norge kan markera, men tankane går også til Ukraina der folket opplever krig og vonde dagar. Dei treng vår omsorg og våre forbøner om fred. Men også vår støtte til å erstatte det dei har mista gjennom krig og på flukt. Ta vel imot dei.

er ho fengselsprest. Dette held ho fram med, slik at ho nå er i ei tredelt rolle fram til sommaren. Då skal ho gå av med pensjon. Siste gudsteneasta hennar som vikar for soknepresten i Ølen er 18. juni i Ølen kyrkje.

## Min song

Omtale av songen ved Eirik Stople



Eirik Stople som denne gongen presenterer «Min song», er frå Sandeid. Han er aktiv i ungdomsklubben Feedback, Sandeid Bedehus, gospelkoret i Vikedal og Internasjonalt treff på Kyrkjeturnet.

Ein viktig grunn til at eg trur på Gud, er at eg anerkjenner skaparverket hans. Fjodar og fjell, fuglar og dyr, deg og meg, sola, månen og stjernene. Eit storslått skaparverk, som Gud har gitt oss for å oppleve og utforske. Hvis alternativet er at alt dette skal ha blitt til heilt av seg sjølv, finn eg det mykje meir truverdige at ein god Gud har hatt ein finger med i spelet og lete det bli sånn. Ja, det er krig, vondskap og sjukdom i verda. Det er jo ikkje på grunn av Gud. Men Gud er nær til den som søker han, både i gode og vonde dagar.

### O store Gud

Tekst: Carl Boberg 1886, Knut Andersen 1956.  
Melodi: Svensk folketone

O store Gud,  
når jeg i undring aner  
hva du har skapt  
i verden ved ditt ord.  
Ser universet  
med de mange baner  
og vet alt liv  
oppholdes ved ditt bord;

∴ Da bryter lovsang  
ifra sjelen ut:  
O store Gud,  
o store Gud! ∴:

Når jeg i skriften  
ser de mange under  
som Gud har gjort  
fra første Adams tid,  
Og ser hvor trofast  
Herren alle stunder  
Har ført sitt folk  
igjennom livet strid;

Når jeg så vet  
at Kristus lot seg føde,  
Ja, at han gikk  
omkring og gjorde vel,  
Inntil han sonet  
verdens synd og døde,  
Og oppsto for

å frelse hver en sjel;  
Når så til slutt  
hvert tidens slør må falle,  
Og troens mål er nådd,  
så jeg får se,  
Vil evighetens  
klokker sjelen kalle  
For tronen mellom  
skaren hvit som sne;

∴ Da bryter lovsang  
ifra sjelen ut:  
Takk, store Gud,  
takk, store Gud! ∴:

### Då lo eg...



Geir Tore Sørhus.

Dagens historie er frå Geir Tore Sørhus. Han er 39 år, kjem frå Vats, men bur i Skjold. Geir Tore er aktiv i speidargruppa i Skjold og i familie KRIK. Til neste gong vil han utfordra Sveinung Mortveit Sundfør.

Eit par jegerar frå Birkeland er ute i heia når ein av dei fell i bakken. Han ser ikkje ut til å pusta, og augo hans rullar bakover inn i hovudet. Den andre

jegeren fiskar fram mobiltelefonen og ringer naudsentralen. «Venen min er død! Kva kan eg gjera?» Operatøren seier i ein beroligande tone: «Berre slapp av, eg er her for å hjelpa. Først, la oss forsikra oss om at han er død.» Det blir stille, så høyrst eit skot, og jegerens stemme kjem tilbake i telefonen: «Ok, og kva nå?»



# BARNAS

## Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

## Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?  
Svar: Ruteark

## Vitsar

– Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?  
– Ja, ei kjøttkake, ei potet og ei ert.

– Eg skal ha to kaffe utan fløte.  
– Vi har ikkje fløyte, så då må det bli utan mjølk.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



Fargelegg!

Teikning: Chiara Bertelli

## Trusopplæring i Vindafjord

Stor aktivitet – mykje å gle seg til

Tekst: Ester Limstrand Åsheim. Foto: Berit Stople.

No er 2023 kome godt i gong, og alt no har mange born og unge rundt om i kommunen vore med på mykje spanande! Men mykje interessant er òg i vente utover våren.

### 5. klasseleir

Januar starta med leir for alle 5.klassingar i heile kommunen. Berit Stople og Ester L. Åsheim stod som hovudleiarar av leiren. Dei hadde med seg eit fantastisk team av både faste tilsette, Marita Kvitno Staurland og Debora Steging Hustveit, og mange andre. Kari Vik Stuhaug var presten som fylgde heile opplegget på leiren. Misjon var tema, og det var spanande postar og opplegg heile helga. Mange, både vaksne og 5.klassingar, tykte samlinga til Steinar Sørhus var både spanande og rørende då han fortalde og viste bilete frå eigen oppvekst som misjonsbarn. Dette var noko som sette spor hos mange.

### Skattejakt for 1. klassingar

No er skattejakta for 1.klassingar i Skjold og Vats ferdig. Sandeid, Vikedal og Imsland har hatt økter med skattejakt saman med Berit Stople, og Britt Karstensen er godt i gong i Ølen og Bjoa. Her er det full jakt etter skattar i kyrkja, bibelskattar gjennom forteljingar og dramatisering, formingsaktivitetar og fruktstunder. I Skjold og Vats fekk dei springe i kyrkja – men dei måtte love å ikkje seie det til presten. Det var difor litt pinleg då kyrkjelydspedagogen røpte dette til presten på skattejakt-gudstenesta! Men prest Sigfred Sørensen tok det med eit smil, og kvar 1.klassing fekk utdelt diplom og bok for flott innsats gjennom fire veker.

### Babysong

Babysong er i gong i Ølen og Skjold. Her er det gamle voggelieder, lokale songar og kjende og kjære songar som blir sunge på samlingane. Gitar, trommer, rytmeinstrument, såpebøler og slør i alle fargar og fasonar blir brukt. Smårollingane er ofte litt trøytt og gode etter desse stundene, og foreldre får med seg songar som dei kan syngje og nynne på heime. Etter øktene er det ope for

lunsj og slabberas, noko som er kjekt for dei vaksne som samlast. Det er godt å sjå kyrkja blir brukt, og at ein kan kjenne seg heime når ein er der. Slike stunder er med å gje desse opplevingane.

### Påskevandring

Om ikkje lenge skal kyrkjelydspedagogane rundt i kyrkjene og ha påskevandring. Då er det påsken som blir fortald gjennom dramatisering, forteljingar og song. Dette er eit tema som kanskje vaksne som arbeider i barnehage kjenner på er litt tungt og vanskeleg. Det kan difor vere flott å ta turen til kyrkja for å få påskeforteljningane fortalt og vist der. Dette er noko kyrkjelydspedagogane legg godt til rette for når dei møter borna frå barnehagen. Det blir teke omsyn til alder og forståing for historia. Det blir gjeve rom for å undre seg og kjenne på historia som både trist og god.

### Invitasjon til 7. klassingane

Om ikkje lenge kjem det invitasjon til 7.klassingane om å vere med på «Høgt og lågt i livet med Gud». 15.april satsar me på ein spanande dag på Tveit i Nedstrand, i klatreparken der. Her blir det felles måltid, klatring i klatreparken og postar me skal undre oss over. Dette er nytt i trusopplæringa dette året, og me gler oss til å setje i gong med dette!

### 2. klasse

2.klassingane skal få invitasjon til «Brubbyggjaren» etter påske. Her har me fokus på pinse. Gjennom forteljingane om Peter og Barrabas får me høyre om kva som skjedde etter påske. Det blir lego-bygging, brubbygging forteljingar og song. Dei som var med i fjor, tykte me kunne byggje mykje meir lego, altså!

### Konfirmantane

Konfirmantane har òg vore på leir. Dei skulle ønskje det hadde vore to overnattingar, men dei fekk ei natt, frå laurdag til sundag. Her var tema «boda». Dei arbeidde på postar og diskuterte i grupper. Kor mykje svevn det blei gjennom helga, skal vere usagt. Men både leiarar og



1.klasses gutar og jenter har leita etter skattar i kyrkjene. Her blir døypefonten i Sandeid kyrkje grundig sjekka.

konfirmantar hadde ei helg med gode samlingar, gruppearbeid og ein brannvarslar som løyste seg ut grunna steikeos frå kjøkkenet. Då fekk ein jammen ei brannøving midt oppi alt som skjedde òg. Marita Kvitno Staurland, Debora Steiging og Ester L. Åsheim stod som hovudleiarar på leiren, men hadde eit utruleg flott team i ryggen som hadde vore med fleire gonger før. Dei som hadde vore med før, tok opplegget på strak arm og var gode trygge vaksne for alle ungdommane. Leiarane fann ut at dei godt kunne tenkje seg å vere med fleire gonger - men då hadde draumen vore å ha med seg dei same gode leiarane ein gong til! Dei var med på å lage ei god ramme rundt ungdommane våre. Alle som var med, håpar konfirmantane fekk med seg minne for livet.

Me som kyrkjelydspedagogar, konfirmantleiarar og trusopplærarar opplever mykje spanande og kjekt i jobben. Me ser òg at utan frivillige hender og føter er det mange av opplegga som ikkje hadde vore mogeleg å gjennomføre. Me er difor utruleg takksame for alle som stiller opp og er med og byggjer ei god framtid for born og ungdommar!

No gler me oss til ein vår med både fult og fres saman med Jesus som «gir liv her nede! Han gjev tru, håp og livsglede!»

# Ein høgt verdsett sokneprest har takka for seg

Tekst og foto: Harald Helberg

**Søndag 29. januar fann mange i kyrkjelyden i Vindafjord vegen til Ølen kyrkje for å delta på avskjedsgudstenesta til sokneprest Kari Vik Stuhaug. Til stades og medverkande i gudstenesta var prost Rune Steensnæs Engedal og kateket Britt Karstensen.**

Det var duka for musikalske innslag og mange talar denne søndagen. Rahwa Weldegaber song til pianotonar frå Siv Heidi Eidsheim under gudstenesta og i samværet etterpå. Kari vart takka av prost Rune Steensnæs Engedal. Han framheva at Kari hadde vore ein uredd og tydeleg prest som utøvde yrket sitt med stor integritet. I arbeidet har ho med nærleik og klokskap fremja kristen tru og kristent liv i Ølen og Bjoa sokn gjennom seks år. Kari sjølv takka for alle gode møte med menneska i kyrkjelyden og trakk mellom anna fram konfirmanntarbeidet og gudstenestefei-ring med små og store. I preika si løfta Kari fram spørsmålet om korleis vi kan stille opp for kvarandre. Ho tala om respekt og integritet, og at ein må la den som treng hjelp sjølv definere kva det er behov for hjelp til. Kari fortalde også frå si tid i Ecuador. Der hadde det vore innsamling til radiodrift blant urbefolkninga. Slagordet til innsamlinga var: «Gje dei stemmelause ei stemme». Dette er ei klar oppfordring i alle tider var bodskapet til Kari.

Gudstenesta markerte òg avslutninga av organist Juri Kotkovitch si teneste i kyrkjelyden. Han og kona Nelly Kotkovitch, som også er organist kyrkjelyden, går snarleg av med pensjon. Denne dagen hadde Nelly organistoppdrag ein annan stad i Vindafjord.

Etter gudstenesta var det dekket til kyrkjekaffi på Kyrkjjetunet i regi



Prost Rune S Engedahl, Kari Vik Stuhaug og Britt Karstensen.



Song av Rahwa Weldegaber.



Fløyte-tonar ved Kjell Ravatn, til allsongen.

av Ølen og Bjoa sokneråd og under leiding av soknerådsleiar Signe- Britt Vik. Det var mange som hadde noko på hjartet. Kari fekk mykje skryt for gudstenestene sine. Som det var ein som sa: Det har vore ein fest å gå på Kari sine gudstenester.

Ho fekk vidare takkehelsingar frå soknerådet, Fellesrådet, kollegar i staben,

konfirmanntforeldre, medliturgar og frå kyrkjegjengarar. Til allsong av salmar spelte Kjell Ravatn behagelege fløyte-tonar saman med pianomusikk frå organist Juri. Per Egil Meling song ein salme på vakkert vis heilt utan hjelp frå instrument.

Kyrkjekaffien vart avslutta av nokre ord frå Kari og til slutt lyste ho velsigninga.

# Ølen kyrkje 150 år i 2024

Tekst/illustrasjonar: Lars Dalen

**Som kanskje mange veit, er det i 2024 150 år sidan Ølen kyrkje vart bygt. I samband med det planlegg soknerådet/fellesrådet mellom anna å oppgradera kyrkja innvendig.**

Veggene vart sist måla i 1940-åra. Med andre ord kan det vera på tide å mala over slitasje og skadar elles. I tillegg er det planar om å gjera nokre små bygningsendingar i koret slik at ein får ei «opnare» kyrkje. Dette inneber mellom anna å flytta preikestolen frå koret til eine sida av kyrkjeskipet. Vidare ønskjer ein å fjerna gelenderet som skil kor og kyrkjeskip. Alt dette vil opna opp fram mot altaret og der dei fleste gudstenestehandlingane føregår.

Soknerådet har og gjort vedtak om å bytta benkene med stolar. Det vil gi ei kyrkje med meir fleksibilitet til å ha ulike arrangement i kyrkja. Ein tenkjer då særleg på arbeid for barn og unge. Elles vil stolar kunne arrangerast vendt mot ein sidevegg for til dømes å ha ein intimkonsert eller



Illustrasjonen viser planlagde endringar i Ølen Kyrkje.

andre mindre arrangement.

Arbeidet er planlagt til starten av 2024. Det meste av arbeidet må gjerast av innleigde fagfolk, men det vil og vera ein del arbeid som kan gjerast på dugnad. Soknerådet er svært interesserte i å få kontakt med

aktuelle dugnadsfolk. Ta kontakt med soknerådsleiar Signe Britt Vik dersom du kan gjera dugnad for å få ei oppgradering av kyrkja i Ølen. Har du andre innspel om kva som burde vore gjort i samband med oppgraderinga av kyrkja – ta kontakt med soknerådsleiar.

# Takk til Kantorane for tenesta i Vindafjord

Tekst: Steinar Skartland



Kantorane Juri og Nelly Kotkovitch på orgelkrakken.



Kyrkjevevja takka Juri og Nelly for tenesta.

**Kantorane våre går nå av og vart pensjonistar. Dei vart takka av staben for godt samarbeid og teneste. og med blomar av kyrkjevevja.**

Søndag 5. februar var det ei flott felles gudsteneste for Vikebygd, Skjold og Vats, i Skjold kyrkje. Mange

hadde møtt fram i alle aldrar og tre born vart borte til dåpen. Musikk til salmesongen stod organist Juri Kotkovitch for. Dette var siste offisielle gudsteneste han skulle delta på i Skjold før han går av som pensjonist frå 1. mars av. Kyrkjevevja, Inghart Lasse Tveit, fekk ordet i gudste-

tenesta og takka kantoren for musikk og teneste i Vindafjord gjennom 13 år, med blomar og gode ord.

Den andre organisten vår, Nelly Kotkovitch, gjorde same dagen teneste som organist i Ølen kyrkje. Også ho pensjonerer seg 1. mars. Stillingane er lyst ut og vi vonar det kjem gode søkjarar som kan ta over stafettpippen med kyrkjemusikalsk teneste i dei åtte kyrkjene i Vindafjord.

Onsdag 8. mars hadde den kyrkjelege staben ei samling og takka av kantorane. Men det blir nok ikkje siste gongen vi får nyta musikk frå Juri i kyrkjene våre. Kyrkjevevja kunne fortelje at han hadde gjort avtale med Juri om å vikariere ved fleire gudstenester framover.

# Felles konfirmantleir og nye lærarar

Av redaktøren etter innspel frå Marita Kvitno Staurland og Debora Hustveit

## Dei nye konfirmantlærarane

Kyrkja i Vindafjord har engasjert tre konfirmantleiarar/-lærarar. Dette er Ester L. Åsheim, Debora Hustveit og Marita Kvitno Staurland.

**Debora** som er leiar for konfirmantarbeidet i Ølen og Bjoa, fortel at ho er 40 år og bur i Ølen saman med to born og sin kjære mann. Ho har delteke ein del i trusoppplæringa i dei siste åra. Ma. har ho assistert Kari Vik Stuhaug med konfirmantoppplæringa som hjelpar. -Det er kjekt å kunne vera med ungdommane og visa dei vegen vidare i livet. Dei er jo generasjonen for framtida, fortel Debora, og legg til:

- Eg fekk ansvar for Ølen, Vågen og Bjoa etter at Kari slutta. Ja, litt skummelt er det, men eg har utruleg kjekke kollegaer som Ester og Marita. Saman er vi gode! Det er alltid kjekt å dra på leir, sjølv om denne gangen var det vi som hadde ansvaret og vi var spente på korleis det skulle gå. Det gjekk utruleg bra! Det er på leir ein blir godt kjende med ungdomane og kunne ønskja vi starta opplæringa med leir nettopp for å blir godt kjende med kvarandre. Vi lærer undervegs og justerer etter behov. Vi fekk god hjelp frå andre leiarar og tilbakemeldingar som vi skal jobbe vidare med til neste gong.

**Ester** er tilsett som kyrkjelydspedagog, og har ansvar for trusoppplæringstiltak i Skjold, Vikebygd og Vats. Her har ho hatt all undervisning for konfirmantane. Vi har presentert henne tidlegare (sjå meir på side 5).

**Marita** er engasjert i 10% med ansvar for konfirmantarbeidet for Sandeid og Vikedal i lag med vikarprest Sigve H. Clementsen, etter at Tsega slutta. I Imsland er ikkje konfirmantar i år. - Han har teke mest, seier Marita. Eg har hatt to samlingar med undervisning, aktivitet og song. Det går føre seg i kyrkja, men ein gong hadde eg

dei hima på garden. Det er stor stas å få vera den utvalde for konfirmantarbeidet, og skummelt, det er nå eg lærer.....!

- I indre strøk har dei hatt konfirmantgrupper 6 timar kvart semester, der dei kan velja ei på hausten og ei på våren. Tema for gruppene har vore: «Foto» (Jan Nortveit har den); Diakoni (Rakel Årak har den); og Natur (Torstein Halsos Stuhaug har den), fortel Marita.

## Felles konfirmantleir på Solgry

80 konfirmantar frå heile Vindafjord var samla på leirstaden Solgry i



Eirik Stople leier aktivitet om dei ti boda.

Sveio på leir laurdag 11. - søndag 12. februar. Ester, Debora og Marita var hovudleiarane, og hadde med seg fleire hjelpeleiarar. - Me fekk eit ferdig opplegg frå Britt Karstensen, og me hoppa i det,



Konfirmantleiarane Marita, Ester og Debora.

seier Marita. - Det var mange dyktige, frivillige leiarar med oss frå 17+. Me hadde eit leiar møte ein kveld i forkant. Etter evalueringsrunden blei det sagt: «Det var som å vera på leir utan leir-sjef!»

- Me tre syntest sjølv me gjorde ein god jobb og me hadde det veldig kjekt. Me er eit veldig bra team som utfyller kvarandre særdeles godt. Det er Gud som har sett oss saman! All ære til han! Takk og lov!

Temaet for leiren var dei ti boda og til temaet var knytt aktivitetar både ute og inne. Her var fine felles-samlingar med bra lovsong. Underholdningskveld der ungdommane sjølv deltok med underholdninga. Gode måltid og open kiosk ein time høyrer alltid med på leir. Likeeins brettspel, bordtennis, mini-golf og ballbingen blei brukt utover nattetimane.

- Det var ein knallkjempe gjeng med ungdommar me hadde med oss på leir, seier Marita. - Me fekk vite i ettertid at dei syntes godt leiren kunne vore ei natt til....

## Ny bok

# Bibelens planteverden

Tekst: Øivind Jønsson

Sist haust var det 500 år sidan Luthers omsetting av nytestamentet til tysk kom ut; - den såkalla Septemberutgåva frå 1522. Den var svært god språkleg og var omsett frå grunnteksten, frå gresk og hebraisk. I 1534 var ei fullstendig utgåve av Bibelen klar. Christian tredjes bibel for Danmark-Norge kom i 1550. I hundreåra etter Luther er det publisert mye litteratur som gir oss kunnskap om historie, hendingar, folk og land som er nemnt i Bibelen.

Torstein Haugen i Ølen er sivilagronom frå Norges landbrukshøgskole. Der har han hatt oppgåver, men i

store deler av sitt yrkesaktive liv har han og kona Solveig vore utsendingar for NLM i Etiopia. Der har han blant anna arbeidd med skogreisingsprosjekt. Han har og mye kunnskap om floraen i Midtausten.

Hausten 2022 publiserte Torstein boka «Bibelens planteverden». Her kan vi lese meir om planter vi høyrer om i Bibelen. Plantene er også jamført med floraen i Etiopia. Her kan vi lære om sjølve planten, bruksområde og kvar i Bibelen plantene er omtalt. - Interessant bidrag til djupdykk i Bibelen



Torstein Haugen med ny bok.

## Val på nye sokneråd

Tekst: Steinar Skartland

**Denne våren er det stor aktivitet i alle bygder for å finna kandidatar til lister for soknerådsvala i september. I alt er det nå 7 sokn der det skal veljast. Ølen og Bjoa er slått saman til eit sokn. Fristen har dei til 31. mars med å levera ferdige lister til godkjenning, så når Hyrdingen kjem ut er alt arbeidet ferdig.**

Ein kort runde til sokneråda viste at dei alle var godt i gang med arbeidet, men fleire nemner at det kan vera krevjande å finna nok namn til å oppfylla krava til både faste medlemmer

og varamedlemmer. Difor var det nok eit klokt val for Vats, Skjold og Vikebygd å samarbeida om felles sokneråd, der Skjold og Vats skal ha fire faste medlemmer kvar og Vikebygd to, i tillegg til varamedlemmer. Råda har mange formelle oppgåver som skal ivareta, men viktigast er det aktive arbeidet som rettar seg mot folket i sokna, i alle aldrar. Slik ser vi at dei treng gode hjelparar i dette arbeidet, utover dei som vert innvalde i sokneråda.

Soknerådet for Ølen og Bjoa (8 medl. + 5 vara) laga ei god liste med forslag på namn som nominasjonskomiteen tok utgangspunkt i. -Me lyt nok finna på fleire å ringa til for å fylla lista, sa Leiv Karsten Medhaug i mars. Dei var då halvvegs, men hadde namn frå begge bygdene på lista.

- I Vats har det vore tre utanom soknerådet som har vore nominasjonskomité, fortalde Elisabeth Gregeren. -Dei har arbeida godt, ringt mange, og fått sju namn på lista alt i februar. Det er minimum, men dei ville prøve å få eit par namn til. -Det er ei spanande tid framover, spesielt ift. preste- og organistsituasjonen, men eg trur det blir ei god løysing å ha eit felles sokneråd som samarbeider om utfordringane, legg Elisabeth til.

I Vikedal var det godt i gang med listene alt i februar. Dei treng 11 namn og rekna med å få dette til.

- Samarbeidssokneråd har også vore diskutert i dei indre sokna, men det var liten stemning for dette. Me er redde for at det blir for lite folk til oppgåvene, fortalde Andreas Andreassen i Vikedal sokneråd.

## Konfirmasjonar i vår

### Ølen 29. april

Benedicte Ribesen Heskja  
Dan Evan Iddeland  
Elias Stople Haugland  
Elin Hadland Heggebø  
Henrik Nedrelid  
Linea Ekelund Gundersen  
Mariell Rødne Brataas

Mathias Matre Søvik  
Mia Berge Ljosnes  
Milla Tvedt-Steinstø  
Morten Handeland  
Sebastian Hustveit  
Sigbjørn Mogleiv  
Sondre Aarekol  
Thomas Lunde

### Ølen 30. april

Adrian Lone  
David Digernes Matre  
Eirik Hogett  
Endre Heggebø Søndena  
Håvard Kvamen  
Nicolai Digernes Lothe  
Thomas Andre Osaland

### Sandeid 30. april

Ørjan Miljeteig Svendsen

Magnus Solberg  
Noah Lien Johnsen  
Liepa Mazrimaite  
Amalie Sofie Yrke Fennefoss  
Rune Aleksander Owe Halleraker  
Georg Matre Helgevold  
Hanne Heggebø  
Sindre Vestbø  
Stine Lint Hjelmtveit  
Silje Håkull-Apeland  
Halvor Byggstøyl Ørke

Eline Opheim Lærdal

### Bjoa 6. mai

Astrid Håvarstein Lothe  
Emi Bødtker Krøger  
Linnea Bergsvik Knudsen  
Martha Andrea Granberg

### Vikedal 7. mai

Amalie Aarekol  
Anders Klæboe Moland

Camilla Reimers  
Elise Hundseid Dahlberg  
Emma Bakkedal Espevoll  
Julie Reimers Holten Leifsen  
Kristian Halleraker  
Maia Opsal  
Mikkel Bjørnsen Andreassen  
Petra Blikra  
Thomas Hustveit Nybru  
Vegard Kvamen Låte

## Midtgangsteppe til Vikebygd kyrkje

Av Arne Tveit, Skjold og Vikebygd sokneråd

**Snart skal Vikebygd kyrkje få nytt midtgangsteppe, etter same stil og mønster som det opphavelge.**

I 2020 byrja me for alvor å undersøke om det var mogleg å få produsert eit midtgangsteppe likt det opphavelge teppet frå 1937. Sidan ulike biskopar har uttalt seg litt ulikt om kor vidt det er lov å trø på eit teppe som til dels har liturgiske motiv, så blei det sendt ein førehandssøknad til bispedømmekontoret for å sjekke om me ville få lov til det. Tilbakemeldinga derfrå var positiv, og då starta ei møysommeleg leiting etter moglege produsentar. Det gamle teppet er vevd i Jacquard-teknikk, og dette er det ikkje så mange som driv med lengre.

Eg har sendt eit stort tal med e-postar til alle tenkelege veveri i Norden, og kontakta kyrkjelege instansar, riksantikvaren, kunstmiljø, og kunsthandtverkarar. Det einaste

teppeveveriet i Noreg som lagar midtgangsteppe er Leedal i Stavanger, men dei lagar ikkje mønster. Til slutt fekk me napp via ein del ledd i kontraktsmøbelbransjen til eit lite veveri i Portugal som kunne veva eit mønster som dette, ikkje i Jacquard, men som handtuft, dvs. at kvar tråd med ulike fargar er knyta. Ut frå foto og oppmåling laga dei ein prøve til oss, der mønsteret stemte godt, men fargane var ikkje heilt i mål.

På bakgrunn av dette blei det i april 2022 sendt formell søknad til bispedømmekontoret om godkjenning av teppet, forutsatt at fargane skulle korrigerast opp mot originalteppet. Det blei positivt svar og på denne søknaden og teppet vart godkjent. Etter dette er det sendt ein bit av det gamle teppet til Portugal, slik at dei kunne prøve å finne fargar som låg tettare opp mot originalen.

Me har fått den nye prøven i hus, men er litt usikker på om den eine fargen er heilt rett. Me har derfor bedt om nokre alternative fargeprøver som



Prøve på nytt teppe ved sida av det opphavelge.

skal vurderast før teppet blir endeleg bestilt og sett i produksjon. Me satsar på at det kan skje nå i vår og gler oss til å sjå det ferdige resultatet. Me er overtydde om at dette vil vere eit stort løft i rett retning til å pryde det smykket av kyrkje me har i bygda. Teppet blir finansiert av Liv og Thomas Bakkevig Stiftelsen.

## Diakoni – omsorg – treng me dette?

Tekst: Trygve Sandvik

I siste nummer av Hyrdingen stod følgjande frå diakoniutvalet i Vats sokneråd:

**Har du tid til overs, og vil visa omsorg? Diakoniutvalet og besøkstenesta i Vats treng deg! Ta kontakt for meir informasjon.**

Vats sokneråd vil gjerne koma med følgjande informasjon i tillegg:

**Diakoni er omsorgstenesta for kyrkja**

Diakoni er alt frå den kvardagslege omsorga for naboen til internasjonalt engasjement for klimarettferd og nedkjemping av fattigdom. Diakoni vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Det er diakoniutvalet sitt formål å ivareta soknets diakonale arbeid.

Vats diakoniutval har ansvar for torsdagsmøta på Vindafjordtunet. Dei deler ut blommar til eldre som fyller 80 år og vidare til dei for kvar femte år. Ei eiga gruppe i regi av soknerådet organiserer den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, i samarbeid med konfirmantane. Men Vats sokn treng fleire til å delta i diakoniarbeidet, og det er ønskeleg å få til ei besøksteneste i soknet, det er mange som treng kontakt.

Diakoniutvalet i Vats denne soknerådsperioden er: Marta Urdal (leiar), Jørgen Landa, Bjørg Stokland, og Bjørghild Lunde som er soknerådet sin representant. For ein ny soknerådsperiode frå hausten av er det viktig at det nye soknerådet har folk nok som kan gå inn i denne omsorgstenesta. Er du interessert i å



Marta Alida Urdal og Bjørghild Lunde.

delta i dette arbeidet så kan du få meir informasjon hjå Marta Urdal tlf. 959 766 39 eller Bjørghild Lunde tlf. 906 90 455.

## Sprell Levande Vats

Tekst og foto: Hanne Kathrine Sørhus

**Etter mange år med søndagsskuleopplegg i Vats, har Synnøve Stødle og Astrid Velde nå gitt stafettpinnen vidare til yngre krefter. Her fortel Hanne Kathrine Sørhus om arbeidet ho nå leier:**

I haust fekk eg, Hanne Kathrine, eit spørsmål om eg kunne tenke meg å ta ansvar for å drive søndagsskulen i Vats vidare. Det ønska eg så absolutt, og syntest det var kjekt å få spørsmål om dette. Eg hadde sjølv gått å tenkt lenge, kva for eit kristent arbeid eg skulle engasjere meg meir i. Tidlegare har eg vore aktiv som leiar i Feed-back, vore styrar knytt til bedehus, og vore engasjert i kristent barnearbeid/søndagsskule. Men etter å ha fått 4 born i løpet av 8 år, så har det vore travelt nok på heimebane. Nå følte eg derimot kallet sjølv, til å bidra med kristent barnearbeid i bygda vår. Då var det kjekt å få spørsmål om eg ville overta stafettpinnen, og drive «Sprell Levande Vats» vidare.

Det å kunne ha eit trygt og godt fellesskap for ungane i bygda, synes eg er veldig viktig! Et tilbod der alle er velkommen – akkurat sånn som dei er. Det har eg som mål at Sprell Levande skal vere, og eg håpar og trur at ungane føler det er godt å vere der.

Vi har «Sprell Levande» ca. ein tirsdag i månaden per i dag. Sprell Levande er et opplegg som er laga av

Søndagsskolen Norge.

På våre samlingar er vi opptatt av at vi skal ha det kjekt saman, i både lek og samling. «Sprell Levande» samlingsane startar med velkomst, songar og dans i fleng, ei kort bibelfortelling (den kan gå føre seg med skodespel, film, bilete osv.), aktivitetar (ute eller inne) og avsluttast med kveldsmat. Samlingane varer frå 17:30–19:00. Vi pleier sei at det passar best for born i alderen 4–12 år, men her er det ingen aldersgrense, så alle er meir enn velkomne til å vere med!!! Kanskje vi blir så mange at vi kan lage eigne opplegg for dei store og for dei minste?

Vi er snart klar for å flytte over til Arken, nytt bedehus/soknehus i Vats. Det ser vi veldig fram til! Sist samling var vi 28 små og store born, det var fantastisk kjekt! Leiarane dette året er Hanne Kathrine Sørhus, Stine Krakk og 4 gutar frå 3. klasse på Lundeneset.

Vi har ei Facebook-side, der de kan følgje arbeidet vårt. Den heiter «Sprell Levande Vats». «Sprell Levande» har ingen stedsgrænse, så ungar frå



Vi har alltid ein halv time med aktivitetar. Nokre gonger er det Agentbok, teikning, uteleik/aktivitetar, eller som her på biletet der vi leika «Fruksalat».



Alle har kvar sin Agentbok, der vi gjer kjekke aktivitetar knytt til dagens bibelfortelling. Her om blinde Bartimeus, og me prøvde oss på blindeskrift.

andre bygder er også hjarteleg velkomne! Neste samling er Påskevandring 28. mars kl. 17:30.

## Ledige stillingar i kyrkja

Av Steinar Skartland

Det er lyst ut stillingar både som sokneprestar og kantorar (organistar) i Vindafjord.

– Det har vore to utlysingar på kantorar, men ingen kvalifiserte søkjarar har meldt seg, seier kyrkjeverja.

Prost Rune Steensnæs Engedal fortel fylgjande om prestesituasjonen:

– Utfordringa nå er at det er mykje som er usikkert ennå, i og med at

søknadsfristen for dei tre stillingane er 12. mars. Deretter er det intervju og innstillingsråd, før bispedømmerådet har tilsetjing like før påske. Eit vesentleg poeng er om vi får søkjarar. Det er nå 4. gongs utlysing for Vikedal, 2. gongs for Ølen og 1. gong for Skjold, så det er først i slutten av mars vi har noko å melda, etter at Hyrdingen er komen ut.

Studentane Jon Olav Meling

Kvamsøe og Tobias Wang har stiftspraksis i prostiet fram til palme-søndag. Då har dei ma. nokre gudstenester og gravferder i Vindafjord. I første omgang fram til sommaren er det tre vikarar som held tak i prestenesta i Vindafjord. Dette er Sigfred Sørensen, Sigve H. Clementsen og Magnhild Handeland Helberg som nå vikarierer som sokneprest for Ølen og Bjoa (sjå side 2).

## IMS Sommarfest

Tekst og foto: Annbjørg N. Våge



Brandøy Misjons- og konferansesenter, Bjoa.

Helga 16.-18. juni 2023 inviterer Brandøy og Indremisjons-samskipnaden (IMS) til IMS Sommarfest! Fredag kveld blir det stor grillbuffé, Kick off for barn i skulealder med Viggo Klausen, og sommarkveld i teltet med Morten Samuel- sen og Sara Helen R. Hetlebakke. Laurdag blir det bibel og fellesskap i teltet frå kl. 10.30. Her vil Inga Birgithe S. Knudsen tale. Samtidig er det Barnas sommarfest i gym- salen. Utover dagen blir det misjonstivoli, seminar, open kafé, tid til drøs og fellesskap, og rikeleg med aktiviteter for alle aldrar! Siste storsamling laurdag blir Alle-saman- møte i teltet kl. 19.00, der Viggo Klausen også er med. Sondag er det også storsamling 10.30, og Barnas som- marfest fortset.

Her skal vera god plass til små og store denne helga – så god plass at vi set opp stort telt på grusbanen for storsamlingane. Ein kan melda seg på for overnatting med frukost, men også komma innom på samlingane og programmet dagtid utan påmelding. Kaféen er open undervegs for dei som ikkje overnattar. Så set av helga og bli med!

Vi er glade for alle som blir med som birdragsytarar

denne helga! Viggo Klausen er kanskje ein av Noregs mest bereiste og tydelege formidlar av Jesus til barn og ungdom, men også til vaksne. Morten Samuel- sen og Sara Helen Romarheim Hetlebakke syng med og for oss fredag kveld. Sidan november 2016 har Morten fått leva i musikk- draumen på heiltid. Sara Helen bur saman med mannen i Betania studentfellesskap i Bergen. Ho studerer medisin, men er også låtskrivar og songar. Inga Birgithe S. Knudsen er lærar på Bildøy bibelskule, og er med i lederskapet i Oase. Ho er opptatt av at menneske skal veksa i relasjon og nærleik til Den Heilage Ande, og at Gud skal vekka opp sitt folk – til omvendning og tilbake på kne. Runar Landro deltar med seminar laurdag. Frå 1. mars utgjør han leiarduo i ImF saman med Anja Ulveseth Heggen.

I 2022 bestemte årsmøtet i IMS å skilja sjølv årsmøte- delen frå Sommarens storsamling, og heller fornya stor- samlinga. Så i år blir det altså IMS Sommarfest på Brandøy, og helga har eit enda større fokus på å nå yngre genera- sjonar – samtidig som vi ynskjer alle generasjonar varmt velkommen! Følg med på [ims-sommarfest.no](http://ims-sommarfest.no) for informasjon, påmelding og prisar.

## Fellesforum på «Kyrkjjetunet»

Arr.omtale v. Ole Agnar Aadland

Torsdag den 20. april kl. 19.00 er me igjen klar for «Fellesforum» på «Kyrkjjetu- net» i Ølen. Som alltid er det Ølen NMS som står som tilskipar. Kveldens tema er «Ukraina», eit brennaktuelt tema i desse dagar.

Som kåsør har me fått med oss Olga Vasylychenko. Ho og familien kom frå Ukraina til Haugalandet for ca. 7 år sidan og snakkar godt norsk. Ho har fleire år

bak seg som skulepsykolog i Haugesund.

Gjennom ein presentasjon i ord og bilde vil ho fortelja om heimlandet sitt: Om land og folk, om kultur og politikk – og om den akutte situasjonen landet er i akkurat no.

Saman med Vasylychenko kjem Natalie Antinova, ei kvinne som kom som flykt- ning til Haugalandet hausten 2022. Ho arbeidde som lærar i musikkskulen i Ukraina, og denne kvelden vil ho syngja

for oss, til akkompagnement av Olga Vasylychenko.

Det vert matøkt og ein mini-basar, med påfølgjande andakt og fellessong. Me ser fram til ein spennande og inspirerande kveld, og håpar at mange kvinner og menn vil vera saman med oss på «Kyrkjjetunet» denne torsdagen. Ein spesiell invitasjon går ut til alle ukrainarar i bygdene våre!

### GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

### Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Vi er en del av **NLMvgs**

### Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

### Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

### SpareBank 1 SR-BANK

### Haugesund Sparebank

### BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

### Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)

### joker

### Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)

### Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www olenbetong.no)

### Ølen auto

### tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

### GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

## Arken - Soknehus/ bedehus i Vats

Tekst: Øivind Jønsson

Status i arbeidet med å byggje det nye soknehuset / bedehuset i Vats: Det har vore god framdrift nå på seinvinteren. Ein held for tida på med systemhimlingane og diverse malararbeid. Før påske er planen å få montert alle innerdørene og kjøkken-

inndringa. Samtidig vil elektriker-, ventilasjon- og rørleggararbeidet pågå. Planen er å få mest mogeleg utført før påske slik at ein kan få slutt- ført bygginga i siste halvdel av april eller første del av mai. Opningshelg for Arken blir første helga i mai.



Byggjeleiar Karl Stokland og formann gjennom mange år, Sjur Inge Stødle.

Dato	Tid	Stad/kyrkje	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
02.04.	11:00	Fjellstøl Skianlegg	Sportsgudsteneste. Takkoffer: Vindafjord idrettslag	Joh 12,12-24
02.04.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 12,12-24
06.04.	17:00	Sandeid kyrkje	Gudstjeneste. Takkoffer: Hyrdingen	Matt 26,17-30
06.04.	19:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Evangeliesenteret	Matt 26,17-30
06.04.	19:00	Vats kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Stefanusalliansen	Matt 26,17-30
07.04.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Matt 26,30-27,50
07.04.	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Stefanusalliansen	Matt 26,30-27,50
09.04.	11:00	Vikedal kyrkje	Høytidsgudstjeneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 24,1-9
09.04.	11:00	Ølen kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Luk 24,1-9
09.04.	11:00	Skjold kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 24,1-9
09.04.	17:00	Bjoa kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Luk 24,1-9
09.04.	18:00	Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Frelsesarmeen Haugesund	Luk 24,1-9
16.04.	18:00	Ølen kyrkje	Ung Messe. Takkoffer: Frelsesarmeen Haugesund	Joh 21,1-14
23.04.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Diakoniarbeidet	Joh 10,11-18
23.04.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Indre Sjømannsmisjon	Joh 10,11-18
27.04.	18:00	Sandeid kyrkje	Samtalegudsteneste.	Joh 10,11-18
29.04.	11:00	Ølen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 10,11-18
30.04.	10:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Sjømannskyrkja	Joh 16,16-22
30.04.	11:00	Sandeid kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Joh 16,16-22
30.04.	11:00	Ølen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 16,16-22
30.04.	12:00	Skjold kyrkje	Gudstjeneste. Takkoffer.	Joh 16,16-22
06.05.	11:00	Bjoa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Joh 16,16-22
07.05.	11:00	Arken, Vats	Gudsteneste og vigslingshelg nytt bedehus	Joh 15,1-8
07.05.	11:00	Vikedal kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste. Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Joh 15,1-8
14.05.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Norea, mediemisjon	Luk 18,1-8
14.05.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: KN-Ukraina	Luk 18,1-8
17.05.	10:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste 17.mai. Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 1,50-53
17.05.	10:00	Vats kyrkje	Gudsteneste 17.mai. Takkoffer: Misjonsprosjekt: Mali, Normisjon	Luk 1,50-53
17.05.	10:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste 17.mai. Takkoffer: Redd Barna	Luk 1,50-53
17.05.	10:30	Bjoa kyrkje	Gudsteneste 17.mai. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 1,50-53
17.05.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste 17.mai. Takkoffer: Orgel i Vikedal kyrkje	Luk 1,50-53
17.05.	11:30	Skjold kyrkje	Gudsteneste 17.mai. Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 1,50-53
17.05.	11:45	Joakari-parken	Friluftsgudsteneste 17.mai. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Luk 1,50-53
17.05.	12:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste 17.mai. Takkoffer: Røde kors	Luk 1,50-53
18.05.	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Hyrdingen	Mark 16,19-20
21.05.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Lokal trusopplæring	Joh 15,26-27
28.05.	11:00	Sandeid gl. kyrkjegard	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer: Sjømannskyrkja	Joh 20,19-23
28.05.	11:00	Ølen kyrkje	Høgtidsgudst. Takkof.: Acta. Normisjons barne- og ungdomsarb.	Joh 20,19-23
28.05.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste. Takkoffer: Hyrdingen	Joh 20,19-23
28.05.	18:00	Imsland kyrkje	Høgtidsgudsteneste. Misjonen. Takkoffer.	Joh 20,19-23

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde
<b>Ølen</b>		15.01.2023 Marit Matre Bauge f. 1944
		15.01.2023 Arne Vilmar Bratten f. 1947
		02.02.2023 Geir Magne Lunde f. 1971
		05.02.2023 Birgit Marie Alvseike f. 1929
		05.02.2023 Agnes Helene Andersson f. 1929
<b>Sandeid</b>	05.02.2023 Sofie Bastigkei Ørnes	18.01.2023 Ragne Stople f. 1937
<b>Vikedal</b>		28.01.2023 Margrete Gjerde f. 1932
<b>Vats</b>	19.02.2023 Evelyn Hatteland Shelton	05.02.2023 Johannes Urdal f. 1933
		11.02.2023 Niils Røgenes f. 1929
<b>Vikebygd</b>	22.01.2023 Emil Nesse Jacobsen	
<b>Skjold</b>	05.02.2023 Torbjørn Eikeland	06.01.2023 Konstanse Bratthammer f. 1924
	05.02.2023 Benjamin Håland	
	05.02.2023 Sina Mortveit	
	18.02.2023 Theodor Sætre Kvinnesland	

Vigde 18.02.2023 i Skjold: Julie Sætre og Oddgeir Kvinnesland Vi gratulerer brudeparet!

VATS KYRKJE LANGFREDAG

Velkommen til ei annleis pasjons-gudsteneste i Vats Kyrkje langfredag kl.19.00. Orgel og andre tekniske hjelpemiddel som kan hindre innlevinga av dramaet som fann stad, er ikkje i bruk. En liturgisk korgruppe leier songen. Tema er «VIA DOLOROSA-lidelsens veg».

Har DU litt tid til overs, og vil visa omsorg?

Diakonutvalet og besøkstenesta i Vats treng deg! Ta kontakt med Bjørghild Lunde for meir informasjon på tlf: 906 90 455

Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

30.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
30.03.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
11.04.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
13.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
13.04.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
14.04.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
14.04.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
15.04.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
18.04.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
20.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
20.04.	torsdag	19.00	Fellesforum NMS
22.04.	laurdag		Vårdugnad
25.04.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
27.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
27.04.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
02.05.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
04.05.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
11.05.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
11.05.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
12.05.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
12.05.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
13.05.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
16.05.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
23.05.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
25.05.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
25.05.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
30.05.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
01.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt

Bjoa bedehus, Innbjoa

03.04.	måndag	18.30	Bønn- og nattverdsmøte
16.04.	søndag	16.00	Søndagstreff
17.04.	måndag	18.30	Sosial samling
20.04.	torsdag	11.00	Formiddagstreff
01.05.	måndag	18.30	Bønn- og nattverdsmøte
14.05.	søndag	16.00	Søndagstreff
15.05.	måndag	18.30	Sosial samling

Credo kl. 18.00, den: 21.04.; 05.05.; 19.05.

Bønnemøte kl. 11.00 torsdag den: 12.04., 19.04., 26.04., 03.05., 10.05., 24.05., 31.05.

Bønnemøte kl. 18.30 måndag den: 24.04., 08.05., 22.05.

Dersom det blir endringar i programmet, vil dette bli kunngjort med plakat eller på Facebook.

Vågen bedehus www.vaagenbedehus.no

onsdagar	19:30	Bønnemøte kvar onsdag
02.04.	sønd. 19:30	Kveldssamling palmesøndag Talar: Anna Kristin Rosberg
06.04.	torsd. 19:30	Skjærtorsdagsmøte med nattverd
09.04.	sønd. 11:00	Høgtidssamling med søndagsskule. Talar: Håvard Brekkå. Stad: Bygdasenteret
19.04.	onsd. 19:30	Møte - Den indre Sjømannsmisjon
23.04.	sønd. 11:00	Storsamling med søndagsskule. Talar: Preben Solvang. Stad: Bygdasenteret
30.04.	sønd. 19:30	Kveldssamling. Sangmøte med Sela og Sveinung Andersen
07.05.	sønd. 11:00	Storsamling med søndagsskule. Talar: Egil Skutlaberg. Stad: Bygdasenteret
21.05.	sønd. 11:00	Storsamling med søndagsskule. Talar: Kolbjørn Bø. Stad: Bygdasenteret
28.05.	sønd. 19:30	Kveldssamling med nattverd
04.06.	sønd. 11:00	Storsamling med søndagsskule. Stad: Bygdasenteret

Bedehusa i Skjold

11.04.	tysdag	Austrheim Indre Sjømannsm.
13.04.	torsdag	Ersland Bønemøte
18.04.	tysdag	Isvik Indre Sjømannsm.
25.04.	tysdag	Ersland Lys over Land
27.04.	torsdag	Kyrkja 60+ kl. 16 – 18
27.04.	torsdag	Ersland Bønemøte
02.05.	tysdag	Austrheim Samemisjonen
09.05.	tysdag	Isvik Israelsmisjonen
11.05.	torsdag	Ersland Bønemøte
23.05.	tysdag	Ersland Opne Dører
25.05.	torsdag	Ersland Bønemøte
30.05.	tysdag	Austrheim Israelsmisjonen

Vikebygd bedehus

13.04.	torsdag	19:30	Møte / Gladsong
27.04.	torsdag	19:30	Møte / Gladsong
11.05.	torsdag	19:30	Møte v/DISM Georg Kallevåg
25.05.	torsdag	19:30	Møte / Gladsong
08.06.	torsdag	19:30	Møte v/IMS Marit H Ådnanes

Bedehusa i Vats

12.04.	onsdag	19:00	Flymisjonen, Blikrabygda
19.04.	onsdag	19:00	Samemisjon, Kårhus
26.04.	onsdag	19:00	normisjon, Øvre Vats
03.05.	onsdag	19:00	NLM, Blikrabygda
10.05.	onsdag	19:00	NMS, Kårhus
24.05.	onsdag	19:00	Indre Sjø, Øvre Vats
31.05.	onsdag	19:00	Lys over land, Blikrabygda
07.06.	onsdag	19:00	NLM, Kårhus



# Pyramidar i Sandeid

Tekst og foto: Steinar Skartland

**Fire karar i Sandeid har vore aktive denne vinter med å laga små «pyramidar» etter mal frå forma på kyrkjetårnet. Nå er dei ferdige og til vårensommaren skal gjerdestolpar med pyramidar monterast rundt kyrkja i Sandeid.**

Det var Olav Lillehammer som fekk ideen. Han er med i soknerådet, og det var trong for å fornya gjerdestolpane rundt kyrkja. For å sikra stolpane eit langt liv og samtidig pynta opp, skal alle dei firkanta stolpane få ei kjegle på toppen. 84 totalt der om lag 40 av stolpane også må skiftast. Olav fekk med seg Nils Vestbø, som hadde fagkunnskap og ein godt utstyrt snikkarverkstad like utanfor Sandeid sentrum. Med i dugnadslaget vart Stein Apeland, som tidlegare har jobba saman med Nils på trearbeid. Fjerde mann i teamet vart ungdommen Even Vestbø, som har Nils som bestefar og Stein som oldefar.

– Mi oppgåve har vore å bora hol i midten av pyramidane og fresa ut eit spor på undersida for å hindra at vatn trengjer inn under dei, fortel Even og viser fram den store boremaskina han har fått lov til å bruka.

– Nå har med berre 10-15 att, før me har nok til alle stolpane, sa Olav då redaktøren i Hyrdingen var på besøk i februar. -Kjeglene er laga av heiltre, grunna og måla med fire strøk grønmåling. Same fargen skal alle stolpane få etter påske. Dei pålane som ikkje skal skiftast ut, må gjerast reine, sprøytast med moseverk og deretter spørtemålast før også dei får kjegler skrudde fast på toppen.

– Treverket er skore på ei lokal sag i Åmsosen. Pålane er 3x3,5 toms heiltre. Tårna litt vidare slik at det vert 1 cm dryppkant på sidene, fortel Nils og Stein når dei står der med ein ferdig stolpe inne i verkstaden. Toppen ragar om lag to meter over golvet, men ein del skal ned i jorda.

– Fellesrådet har dekkja materialkostnaden, men alt arbeidet er gjort på dugnad.

Takk vera fagkunnskap og ein godt utstyr snikkarverkstad hos Nils Vestbø, har det vorte eit flott resultat. Det var slike kjegler på stolpane også før, men dei var spikra saman og var rotne, noko som også gjeld 20-40 av dei



Even Vestbø med eit av tårna.



Olav Lillehammer, Nils Vestbø, Even Vestbø og Stein Apeland.

eksisterande gjerdestolpane. Desse i heiltre vil nok vara i mange år.

Men dugnaden sluttar ikkje her. Olav fortel at det skal kjøpast inn kantstein og betongheller som skal leggjast frå porten og innover. Det hender at det her vert rygga inn bil og hengar, både med grasklyppar og ved gravferder, noko som viser igjen i underlaget.

**Andaktstelefonen**  
**380 91700**  
Åpent hele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag  
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**  
Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
Kirkens SOS  
22 40 00 40  
SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 8. juni.

Frist for levering av stoff er  
24. april.